



Saluton leganto!

Her kjem årets siste nyhende-brev frå Norsk Esperanto-Forbund. Me ønskjer dykk ei fredeleg juletid og kryssar fingrane for eit rimeleg godt år i 2025.

Også i vanskelege tider treng me positive opplevingar, nye kunnskapar og mellommenneskeleg kontakt. Ein veg til dette, er å ta del i den internasjonale esperanto-fellesskapen. Kanskje er 2025 året der du tek steget og nyttar språket meir aktivt?



István Nemere en junio 2010. Foto: Róbert Vadas CC BY-SA 3.0

István Nemere – verdas mest produktive forfattar

Forfattaren István Nemere døde 15. november, berre ei veke etter at han fylte 80 år. Nemere er truleg tidenes mest produktive forfattar, med totalt 800 titlar innan ei rekke sjangrar. Storparten av bøkene er skrivne på ungarsk, men i overkant av tjue er originalverk på esperanto.

På veg frå bursdagsfeiringa for å skrive autografar mista Nemere plutselig medvitnet, og han vakna aldri frå koma.

Les meir om Nemere og forfatterskapen hans på <https://www.liberafolio.org/2024/11/15/istvan-nemere-en-vivdangero/> og <https://sezonoj.ru/2024/11/nemere-2/>

Montevideo – 70 år etter

10. desember er det 70 år sidan ein mellomstatleg organisasjon for første gong gav esperanto-rørsla ei offisiell anerkjening. Staden var Montevideo i Uruguay, der UNESCO, FNs organisasjon for utdanning, vitskap og kultur, heldt si åttande hovudforsamling.

Den vedtekne resolusjonen syner til resultatata som er nådd gjennom esperanto for føre folka nærare kvarandre og slår fast at desse resultatata samsvarar med ideala og måla til UNESCO. Vidare ber ein om at statar som ønskjer å ta esperanto i bruk held generaldirektøren oppdatert på resultatata, og at generaldirektøren sjølv skal halde seg oppdatert på korleis esperanto blir nytta og samarbeide med UEA der organisasjonane har samanfallande interesser.

Like viktig som sjølve resolusjonen var nok at UNESCO samstundes gav UEA konsultativ status, det vil seie at dei to organisasjonane inngjekk ein offisiell relasjon. Framleis kan du lese på framsida til UEAs medlemsblad at det er «oficiala organo de Universala Esperanto-Asocio (en oficialaj rilatoj kun UN kaj Unesko).

Les meir om «Resolusjonen frå Montevideo» på <https://esperanto.no>, eller om jubileumsarrangementet 10. desember på <https://eventaservo.org/e/Montevideo-70>.



The poster features a light beige background. At the top, a blue arrow points from the year '1954' to '2024'. Below the arrow are two stylized flags: the flag of Uruguay (white, blue, and white horizontal stripes with a yellow sun) and the flag of Esperanto (green and white horizontal stripes with a green star). The main text is centered and reads: 'Unesko kaj Esperanto: 70 jaroj da kunlaboro por lingvaj homaj rajtoj'. Below this, it says '70a datreveno de la Rezolucio de Unesko pri Esperanto (Montevideo, 10 decembro 1954)'. At the bottom, there are four logos: 'Universala Esperanto-Asocio' (UEA), 'Tutmonda Esperantista Junulara Organizo' (TEJO), 'Internacia Ligo de Esperantistaj Instruistoj' (ILEI), and 'Urugvajia Esperanto-Societo'.



Radio Verda – no også med bilete

Radio Verda var blant pionerane for nett-radio på esperanto og publiserte frå 1998 til 2013 meir enn 200 radioprogram med variert innhald. No er Radio Verda i gang att, denne gongen med videofilmar.

Den siste månaden er det publisert tretten filmar, med tematikk så forskjellig som koloniseringa av Mars, persontilpassa medisin, vulkanar og kattar. Språkleg er både radioklipp og videoar av høg kvalitet, med svært klar uttale.

Du finn både filmar og lydklipp på <https://www.youtube.com/@radioverda6349>